







Overordna heilskapleg ROS-analyse for Luster kommune

Handsama:
2014



Vedteke av Luster kommunestyre
22.05.2014, k.sak 23/14
Revidert administrativt i 2019

Innleiing:

Gjennom arbeidet med ein overordna risiko og sårbarheitsanalyse skal det utviklast eit heilskapleg oversyn over risikotilhøva i Luster kommune, samt sterke merksemder på samfunnssikkerhet og beredskap.

ROS-analysen skal danne grunnlaget for rullering av overordna beredskapsplanverk for Luster kommune.

Ein risiko- og sårbarheitsanalyse skal bidra til at kommunen er meir førebudd på at uønskte hendingar kan oppstå, finne fram til kva som kan gjerast av førebygging for å redusere sannsynet for at hendingane oppstår, samt legge til rette for ein tilstrekkelig handlekraftig beredskap for å redusere skadeomfanget dersom hendingane likevel skjer. Dersom ei uønskt hending oppstår er det beredskapsressursane si oppgåve å gjøre konsekvensane/skadane så små som mogleg.

Ein overordna risiko- og sårbarheitsanalyse skal omfatte heile kommunen si verksemd samt moglege hendingar innanfor kommunen si geografiske avgrensning.

Uønskte hendingar som kan ramme kritiske samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur skal inkluderast i ROS-analysen.

Organisering av arbeidet: (2014)

Prosjekteigar:

- Rådmannen

Prosjektgruppe:

- Jan Magne Svåi, Leiar Eigedom
- Trond Helge Eide, Kvalitetsleiar

Referansegruppe:

- Beredskapsrådet i Luster kommune

Arbeidsgruppe – Naturhendingar:

- Knut Cotta Schønberg, Helsesjef
- Jan Magne Svåi, Leiar Eigedom
- Arne I Lerum, Plansjef

Arbeidsgruppe – Menneskeleg svikt og systemsvikt:

- Knut Cotta Schønberg, Helsesjef
- Arne I Lerum, Plansjef
- Kari O Paulsen, Leiar sjukeheimstenesta
- Tom Rune Fristad, IKT
- Jan Magne Svåi, Leiar Eigedom
- Ingrid Marie Slinde, Sakshandsamar Eigedom

Arbeidsgruppe – Tilsikta uønskte hendingar:

- Asle Karoliussen, Lensmann i Luster
- Gunvor Kjos-Wenjum, Leiar oppvekst
- Kjell Ertesvåg, Rektor/styrar Solvorn oppvekstsenter
- Trond Helge Eide, Kvalitetsleiar

Innhald

Innleiing:	2
Del 1 Grunnlag og metoder	4
Lovverk	4
I høve til andre planar og lovverk:	5
Definisjon av akseptkriterier.	7
Risikomatriser:	8
Klassifisering sannsyn:.....	9
Klassifisering av konsekvensar av ein uønskt hending:	9
Del 2 Hendingar og analyser	11
Oversyn over hendingar	11
Samandrag av ROS analysene med tiltak:	12
Handlingsplan:	20

Del 1 Grunnlag og metoder

Lovverk

Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile tryggleiksstiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) av 2010 med tilhøyrande forskrift av 2011, definerer formål og innhald i en overordna risiko- og sårbarheitsanalyse på følgjande måte:

§ 1. Formål

- Lovens formål er å beskytte liv, helse, miljø og materielle verdiar ved bruk av ikkje-militær makt når riket er i krig, når krig truer, når riket si sjølvstende eller sikkerheit er i fare, og ved uønskte hendingar i fredstid.

§ 3. Definisjonar

I denne lov menes med:

- Uønskte hendingar: hendingar som avviker frå det normale, og som har medført eller kan medføre tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar.

I «Forskrift om kommunal beredskapsplikt av 2011, samt rettleiar til denne av februar 2012, er formålet omtala slik:

§ 1. Formål

- Forskrifta skal sikre at kommunen tek i vare befolkninga sin sikkerhet og tryggleik. Kommunen skal jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleiksarbeid på tvers av sektorer i kommunen, med sikte på å redusere risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar. Plikten omfattar kommunen som myndighet innanfor sitt geografiske område, som verksemd og som pådrivar overfor andre aktørar.
- Krav om ROS-analyse er utdjupa og presisert gjennom forskrfta si § 2. Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse: «Kommunen skal gjennomføre en heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, her under kartlegge, systematisere og vurdere sannsynet for uønskte hendingar som kan inntreffe i kommunen og korleis disse kan virke på kommunen. Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen skal forankra i kommunestyret. Analysen skal som et minimum omfatte: Eksisterande og framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar i kommunen.
 - a) Risiko og sårbarhet utanfor kommunens geografiske område som kan ha tyding for kommunen.
 - b) Korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverke kvarandre.
 - c) Særlege utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjoner og tap av kritisk infrastruktur.
 - d) Kommunen si evne til å oppretthalde verksemd når den blir utsett for ein uønskt hending og evna til å ta opp att verksemd etter at hendinga har oppstått.
 - e) Behovet for befolkningsvarsling og evakuering.

Kommunen skal sjå til at relevante offentlige og private aktørar blir invitert med i arbeidet med utarbeiding av risiko og sårbarheitsanalysen. Der det blir avdekkta behov for vidare detaljanalyser skal kommunen foreta ytterligare analyser eller oppmode andre relevante aktørar til å gjennomføre disse. Kommunen skal stimulere relevante aktørar til å setje i verk førebyggande og skadeavgrensande tiltak».

I høve til andre planar og lovverk:

Kommuneplanen sin Samfunnsdel for Luster kommune 2017-2028

Kommuneplanen gir overordnede føringer for kommunens beredskapsarbeid.

Beredskap – risiko og sårbarheit:

- «Til ei kvar tid ha ein beredskap som er i stand til å handtera dei hendingane og krisesituasjonane som kan oppstå. Kommunen skal heile tida vera førebudd på å handtera uynskte hendingar, ha plan for kriseleiing, varslingslister, ressursoversikt, evakueringssplan og informasjonsplan. Alle utbyggingsområde skal risikovurderast gjennom kommuneplanen sin arealdel, som igjen vert kopla til kommunen sin ROS-analyse»

Lov om planlegging og byggesaksbehandling:

Oppgåver og omsyn etter Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan og bygningslova) slår fast at kommunane skal fremje samfunnssikkerheit ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar mm.:

- *Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone.*
- Planmyndighet skal i arealplaner vedta slike føresegner om utbygging i ei slik sone, herunder forbod, som er naudsynt for å avverge skade og tap.

I tillegg til disse lovene er det fleire særlover m.m som på legger kommunene gjennomføring av ulike risiko- og sårbarhetsvurderinger som følge av beredskapsplikt innenfor ulike tjenester og virksomhet.

Metode og arbeidsprosess.

Det finns ulike metodar for gjennomføring av en risiko og sårbarheitsanalyse og det er utarbeidd fleire rettleiarar for dette arbeidet frå DSB (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap). DSB rår til bruk av Norsk Standard, NS 5814 «Krav til risikovurderingar», som utgangspunkt for analysearbeidet. NS 5814 stiller krav om at det i forkant av ROS-analysen skal fattast vedtak om kor stor risiko som kan fålast (risikoakseptkriterier), før tiltak vert sett i verk for å hindre at hendinga oppstår eller for redusere skadeomfanget som følgje av hendinga. Metoden som vert nytta tek utgangspunkt i risikoomgrepet som er definert ved formelen ‘sannsyn x konsekvens’. Akseptkriterier vert vurdert ut frå kor stort sannsynet er for at hendinga oppstår og kor store konsekvensane eventuelt blir om den oppstår.

Metoden som vore nytta i Luster kommune er i samsvar med anerkjent ROS-metodikk. Arbeidsprosessen har vore leia og koordinert frå rådmannsnivået. Det har vore etablert tematiske arbeidsgrupper etter fagområder, der personar frå Luster kommune sin administrasjon og fagmiljø, samt aktuelle eksterne aktørar har delteke.

Definisjon av akseptkriterier.

I høve til NS 5814 om krav til risikovurderingar, skal akseptkriteriene fastsetjast før risikovurderinga tek til. Det skal gjerast ein vurdering av kor stor sannsyn det må være for at ei hending kan oppstå og kor store konsekvensar ei hending må ha før det må setjast inn tiltak enten av førebyggande art eller at det skal sørjast for tilgjengelig beredskap for å handtere hendinga når den har skjedd.

Risikoakseptkriteriene gir eit haldepunkt for nivået som kan akseptast på overordna nivå. Med akseptkriterier meiner ein her:

- Inndeling og definisjon av klassar for sannsyn
- Kva for konsekvensområder det skal vurderast konsekvens for
- Inndeling og definisjon av konsekvensar
- Grenseoppgang mellom raud, gul og grøn sone.

Det skal gjerast ein sårbarheitsvurdering for kvar einskild uønskt hending. Plasseringa i matrisa ut frå sannsyn og konsekvens, vil vise om hendinga vil ha risiko som er «akseptabel» eller «uakseptabel» for kommunen slik desse går fram av oversikta under:

Utgangspunkt for vurdering av risikonivå:

Nivå:	Forklaring
Uakseptabel risiko	Sannsynet for at hendinga kan oppstå er so høg og konsekvensane ved at den oppstår så store at det må gjerast førebyggande tiltak og/eller beredskapstiltak for å redusere sannsynet og konsekvensane.
Tolerabel risiko	Det må gjerast tiltak for å redusere risikoen så mykje som mogleg. Det kan være nyttig å legge ein kost-nytteanalyse til grunn for vurdering av ytterlegare risikoavbøtande tiltak. Hendingar i Gul sone krev at ein har eit beredskapssystem som kan handtere ein uønskt hending.
Akseptabel risiko	Risikoen er frå eit samfunnssikkerheitsperspektiv vurdert som akseptabel. Det betyr at handtering av denne risikoen kan ivaretakast av ordinære rutinar, ved tilsyn, lover og forskrifter. Ytterlegare risikoavbøtande tiltak av vesentleg karakter kan gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar.

Akseptkriterier for gjennomføring av Luster kommune sin overordna risiko- og sårbarheitsanalyse:

Risikomatrisa sine fargekodar syner kva som blir vurdert som «uakseptabel» risiko, «tolerabel» risiko og «akseptabel» risiko. Ei hending i raud sone inneberer ein risiko som forpliktar kommunen til å gjennomføre tiltak for å førebyggje risiko og/eller setje i gang beredskapsarbeid for å redusere skadeomfanget. Ved ei hending i gul sone forpliktar kommunen seg til å gjennomføre tiltak for å redusere risikoen så mykje som mogleg. Ved hendingar i grøn sone skal risikoavbøtande tiltak gjennomførast dersom det er ønskjeleg etter ein vurdering av økonomiske og praktiske tilhøve.

Risikomatriser:

Liv og helse:

Konsekvens Sannsyn	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	Kritisk	Katastrofal
Sannsyn					
Svært liten					
Liten					
Middels					
Stor					
Svært stor					

Miljø, Økonomi, Tenesteproduksjon og Omdøme

Konsekvens Sannsyn	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	Kritisk	Katastrofal
Sannsyn					
Svært liten					
Liten					
Middels					
Stor					
Svært stor					

Klassifisering sannsyn:

Sannsynet blir definert ut frå kor ofte ein uønskt hending er forventa å inntreffe.

Sannsynsvurderinga kan gjerast med bakgrunn i historiske data, statistikk, forventa utvikling i risikobiletet og skjønn.

Grad av sannsyn	Frekvens
Svært liten	Hendinga er forventa å inntreffe mindre enn ein gang kvart 100 år. (Hendinga er så lite truleg at den må handterast separat (krig, meteoredslag eller liknande))
Liten	Hendinga er forventa å inntreffe i løpet av nærmeste 10-50 år
Middels	Hendinga er forventa å inntreffe innan 10 år
Stor	Hendinga er forventa å inntreffe innan 1 år
Svært stor	Hendinga kan inntreffe i nær framtid og oftare enn 1 gang pr. år

Klassifisering av konsekvensar av ein uønskt hending:

Konsekvens skildrar tap av noko som har verdi og kan delast inn i grad av påverknad på menneske, miljø, materiell/økonomi, tenesteproduksjon og omdømme/tillit.

I definisjon av akseptkriterier må det vurderast kor står påverknad som må til før det må gjerast tiltak for å redusere omfanget av konsekvensane eller skadeverknadane.

Liv og helse:

- For kategorien menneske sine liv og helse vil konsekvensane bli definert på bakgrunn av tal døde og/eller skadde eller fare for dette, alvorlege trugslar, mange personer sakna eller ikkje gjort reie for, sjukdom eller smitte med mogleg dødeleg utgang eller sterke psyko-sosiale påkjenningar.

Miljø:

- Kategorien miljø omfattar belastning på natur og miljø.

Økonomi:

- Kategorien Materiell/økonomi omfattar den totale økonomiske belastning på Luster kommune både som direkte følgje av hendinga (materielle skader mm), samt økonomiske følgjer slik som sjukmeldingar, utgifter til ekstrapersonell og finansielle tap.

Tenesteproduksjon:

- Kategorien tenesteproduksjon vurderer kommunen sin moglegheit til oppretthalde eigen verksemد som følgje av ein crisesituasjon.

Omdøme:

- Kategorien Omdømme/tillit vurderer Luster kommunen sin tillit i befolkninga som følgje av hendinga.

Grad av konsekvens	Liv og helse	Miljø	Økonomi	Teneste-produksjon	Omdøme
Ufarleg	Ingen personskader	Ingen miljøskader	Skade for inntil 20 000,-	Forbigående stopp i tenesteprod. redusert drift < 1 dag	Ingen fare for omdømetap
Ein viss fare	Få og små personskader	Mindre miljøskader	Skade mellom 20 000,- og 200 000,-	Stopp i tenesteprod. 1-5 dg, redusert drift 1-15 dg	Kan føre til omdømetap
Farleg	Få men alvorlege personskader	Alvorlege skader på miljøet	Skade mellom 200 000,- og 2 million	Stopp i tenesteprod. 5-10 dg, redusert drift 15-30 dg	Alvorleg omdømetap eller fare for dette
Kritisk	Fleire alvorleg skadde til død	Omfattande skader på miljøet	Skade mellom 2 million og 20 million	Stopp i tenesteprod. 10-30 dg, redusert drift 30-60 dg	Veldig alvorleg omdømetap eller fare for dette
Katastrofalt	Fleire døde og alvorleg skadde	Svært alvorlege, langvarige skader på miljøet	Skade > 20 million	Stopp i tenesteprod. > 30 dg, redusert drift > 60 dg	Svært alvorlig omdømetap eller svært stor fare for dette



Del 2 Hendingar og analyser

Oversyn over hendingar




Tema som inngår i den heilskaplege overordna ROS-analysen


- Naturhendingar:
 - Pandemi
 - Skadeflaum
 - Snøras knytt til busetnad
 - Steinsprang knytt til busetnad
 - Stormflod i Gaupne
- Menneskeleg svikt og systemsvikt:
 - Atomavfall
 - Bortfall av data og fiberkommunikasjon
 - Bortfall av straum over tre timer
 - Brann på omsorgssenter, institusjon
 - Bussulykke
 - Dambrot
 - Forureining av drikkevatn
 - Grunnstøyting cruiseskip
 - Havari i samband med turistflyging (helikopter)
- Tilsikta uønskte hendingar :
 - Skuleskyting



Samandrag av ROS analysene med tiltak:

Uønska hending	Risiko = sannsyn*konsekvens (pr. konsekvensområde)	Risikoreduserande tiltak (eksisterande og nye)	Konsekvensreduserande tiltak (eksisterande og nye)
Pandemi	Liv og Helse Økonomi Miljø Tenesteproduksjon Omdøme	 <p>Eksisterande:</p> <ul style="list-style-type: none"> Smitteverntiltak <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> Ingen 	<p>Eksisterande:</p> <ul style="list-style-type: none"> Oppdatert Pandemiplan Oppdatert beredskapsplanverk Prioritere tenesteproduksjonen <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> Ev. medietrening ordførar
Skadeflaum	Liv og Helse Økonomi Miljø Tenesteproduksjon Omdøme	 <p>Eksisterande:</p> <ul style="list-style-type: none"> Elveforbyggingar Fjerning av masse i elveløp (Jostedøla, Fortunselva) Beredskap teknisk drift i forkant av store nedbørsmengder Regulering av vassdrag (Statkraft, Hydro og Sognekraft) Terregngheving på Verket 2 <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> Fjerning av meir masse i elveløp (Jostedøla ved bruene i Gaupne) Meir elveforbygging (Grindane i Gaupne) Opning/utviding av vassvegar 	<p>Eksisterande:</p> <ul style="list-style-type: none"> Varsling Evakuering Teknisk vakt Brøyteberedskap Oppdatert beredskapsplanverk Førehandsdefinerte møteplassar rundt om i kommunen. Avtale med Røde kors Oppdatert beredskapsplanverk og øvingar UMS varsling <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> Ev. medietrening ordførar

Uønska hending	Risiko = sannsyn*konsekvens (pr. konsekvensområde)	Risikoreduserande tiltak (eksisterande og nye)	Konsekvensreduserande tiltak (eksisterande og nye)
Snøras knytt til busetnad	Liv og Helse  Økonomi  Miljø  Tenesteproduksjon  Omdøme 	Eksisterande: <ul style="list-style-type: none"> • Ingen Framlegg til nye: <ul style="list-style-type: none"> • Ingen 	Eksisterande: <ul style="list-style-type: none"> • Rasvollar (Snøtun) • Faresonekart, pålegg om bruk av rasvurdering ved nybygg inntil kjend fareområde. • Kartlagt eksisterande busetnad i kommunen med tanke på ras mm. Tiltak blir løpende vurdert. • Oppdatert beredskapsplanverk og øving • Plan og bygningsloven • Kartlegging av eksisterande busetnad Framlegg til nye: <ul style="list-style-type: none"> • Ev. medietrening ordførar
Steinsprang knytt til busetnad	Liv og Helse  Økonomi  Miljø  Tenesteproduksjon  Omdøme 	Eksisterande: <ul style="list-style-type: none"> • Ingen Framlegg til nye: <ul style="list-style-type: none"> • Ingen 	Eksisterande: <ul style="list-style-type: none"> • Rasvollar (Røslebakkane, Sandvik Nord) • Faresonekart, pålegg om bruk av rasvurdering ved nybygg inntil kjend fareområde. • Kartlagt eksisterande busetnad i kommunen med tanke på ras mm. Tiltak blir løpende vurdert. • Oppdatert beredskapsplanverk og øving • Plan og bygningsloven • Kartlegging av eksisterande busetnad Framlegg til nye: <ul style="list-style-type: none"> • Rasvoll (Sandvik nord) • Ev. medietrening ordførar

Uønska hending	Risiko = sannsyn*konsekvens (pr. konsekvensområde)	Risikoreduserande tiltak (eksisterande og nye)	Konsekvensreduserande tiltak (eksisterande og nye)
Stormflood i Gaupne	Liv og Helse Økonomi Miljø Tenesteproduksjon Omdøme 	Eksisterande: <ul style="list-style-type: none"> PBL set plankrav til kotehøgde ved nybygging Framlegg til nye: <ul style="list-style-type: none"> Ingen 	Eksisterande: <ul style="list-style-type: none"> Oppdatert beredskapsplanverk Varsling og evakuering Beredskapsvakt (natt) Framlegg til nye: <ul style="list-style-type: none"> Ingen
Atomavfall	Liv og Helse Økonomi Miljø Tenesteproduksjon Omdøme 	Eksisterande: <ul style="list-style-type: none"> Kommunen sitt ansvar er avgrensa til å ha oversikt over radioaktive kjelder i kommunen. Kommunen er ikke kjend med at slike kjelder finns lokalt. Framlegg til nye: <ul style="list-style-type: none"> Ingen 	Eksisterande: <ul style="list-style-type: none"> Varsling Avsperring av strålingssonen og eventuell evakuering fra sone. Kommunen skal ha jod-tabletter for menneske som har blitt utsatt for stråling. UMS varsling Framlegg til nye: <ul style="list-style-type: none"> Ingen
Bortfall av data og fiber- kommunika- sjon	Liv og Helse Økonomi Miljø Tenesteproduksjon Omdøme 	Eksisterande: <ul style="list-style-type: none"> Eigne fargar til alle omsorgsenter Fiberring Gaupne- Fortun – Årdal- Sogndal –Hafslo - Gaupne Gravesøknad/løyve Framlegg til nye: <ul style="list-style-type: none"> Fiberring Rådhus – Luster energiverk 	Eksisterande: <ul style="list-style-type: none"> Pasientjournal tilgjengeleg på rådhuset (backup) GIS backup tilgjengeleg på rådhus Oppdatert beredskapsplanverk og øving Framlegg til nye: <ul style="list-style-type: none"> ADSL abonnement på Gaupne omsorgsenter Beredskapsplan IKT

Uønska hending	Risiko = sannsyn*konsekvens (pr. konsekvensområde)	Risikoreduserande tiltak (eksisterande og nye)	Konsekvensreduserande tiltak (eksisterande og nye)
Bortfall av straum over tre timer	<p>Liv og Helse </p> <p>Økonomi </p> <p>Miljø </p> <p>Tenesteproduksjon </p> <p>Omdøme </p>	<p>Eksisterande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skogshogst langs/under/ved linjer (ansvar energiselskap) • Gravesøknad/løyve • Kommunalteknisk vakt <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Meir skogshogst (ansvar energiselskapa) 	<p>Eksisterande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Mobilt aggregat på Gaupne omsorgsenter. • Mindre aggregat på teknisk drift • Mobilt aggregat kan nyttast på Luster og Hafslo omsorgsenter samt vassverk Kalhagen • Aggregat på kritiske serverar/infrastruktur på rådhuset • Oppdatert beredskapsplanverk og øving • Avtale med Røde Kors • Naudnett kjem 2015 • Nokre få stasjonar (avløp) kan køyrast på aggregat • Kommunalteknisk vakt kan rykke ut og køyre nokre stasjonar (avløp) manuelt på aggregat • Forsikring på VA anlegg <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fleire små aggregat (3 KW) • Fleire avløpstasjonar må bli forberedt til aggregat • Ev. medietrening ordførar

Uønska hending	Risiko = sannsyn*konsekvens (pr. konsekvensområde)	Risikoreduserande tiltak (eksisterande og nye)	Konsekvensreduserande tiltak (eksisterande og nye)
Brann på omsorgs- senter, institusjon	Liv og Helse  Økonomi  Miljø  Tenesteproduksjon  Omdøme 	<p>Eksisterande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • El tilsyn • Brannøving • Branntilsyn • Vaktrundar (nattevakt) • Prosedyre for bruk av el. utstyr • Tidsbryter på komfyre og stikkontakter • Eigenkontroll (El, brann, naudlys, branndør mm.) <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ingen 	<p>Eksisterande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Brannvarsling, kopla mot alarmsentralen • Røykvarsling • Sprinkel • Oppdatert beredskapsplanverk • Brannskilje, noko som fører til mindre skadeomfang • Forsikring (bygningar) • Beredskapsplan • Innkalling av ekstrapersonell • Brannteknisk dokumentasjon • Varslingsliste tilgjengeleg for vaktpersonell • UMS-varsling <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ev. medietrenings ordførar
Bussulykke	Liv og Helse  Økonomi  Miljø  Tenesteproduksjon  Omdøme 	<p>Eksisterande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Krav og kontroll på bussmateriell • Funksjonskrav på veg (vedlikehaldskontrakt) • Skilting (bratt/lågt gir, glatt mm) <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ingen 	<p>Eksisterande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Beredskapsplan helse • Helseberedskap ambulanse og lege • Øvingar • Oppdatert beredskapsplanverk <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ev. medietrenings ordførar

Uønska hending	Risiko = sannsyn*konsekvens (pr. konsekvensområde)	Risikoreduserande tiltak (eksisterande og nye)	Konsekvensreduserande tiltak (eksisterande og nye)
Dambrot	Liv og Helse Økonomi Miljø Tenesteproduksjon Omdøme	Eksisterande: Ansvar Statkraft og Hydro <ul style="list-style-type: none"> • Rutinar for tilsyn og vedlikehald • Styring av magasin Framlegg til nye: Ingen	Eksisterande: <ul style="list-style-type: none"> • Beredskapsplan hjå Hydro og Statkraft • Kommunal beredskapsplan • Forsikring på bygningar • UMS-varsling Framlegg til nye: <ul style="list-style-type: none"> • Ev. medietrening ordførar
Forureining av drikkevatn	Liv og Helse Økonomi Miljø Tenesteproduksjon Omdøme	Eksisterande: <ul style="list-style-type: none"> • Klausulering • Skilt • Gjerde • Låst system • Eigne ROS analyser på vassverk Framlegg til nye: <ul style="list-style-type: none"> • Planlegger ny vasskjelder 	Eksisterande: <ul style="list-style-type: none"> • Reinseanlegg • Kokepåbod • Tilbakeslagsventilar • Stengjemoglegheiter ut til abonnentane • Drikkevasstank • Info på heimesida, direkte informasjon • Eigen ROS analyse omsorgstenesta • Oppdatert beredskapsplanverk • Tankar for påfylling av reint vatn. • Reservevasskjelder på ein del vassverk • UMS-varsling • Fleire vasstankar til reint vatn. Framlegg til nye: <ul style="list-style-type: none"> • Oppgradere reservevasskjeldene. • Vurdere nye reservevasskjelder. • Ev. medietrening ordførar

Uønska hending	Risiko = sannsyn*konsekvens (pr. konsekvensområde)	Risikoreduserande tiltak (eksisterande og nye)	Konsekvensreduserande tiltak (eksisterande og nye)
Grunn- støyting cruiseskip	Liv og Helse Økonomi Miljø Tenesteproduksjon Omdøme	<p>Eksisterande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fyrlykter • Stakar <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ingen 	<p>Eksisterande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skipet har eige helsepersonell. • Beredskapsplan (kommunal) • Sogn Brann og Redning er med i IUA, Interkommunalt utval mot akutt forureining, som har mellom anna oljelenser • Øving (sivilforsvar og brann) <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ev. medietrening ordførar
Havari i samband med turistflyging (helikopter)	Liv og Helse Økonomi Miljø Tenesteproduksjon Omdøme	<p>Eksisterande:</p> <p>Ansvær helikoptereigar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vedlikehald • Trening/øving <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ingen 	<p>Eksisterande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Beredskapsplan helse • Helseberedskap ambulanse og lege • Øvingar • Oppdatert beredskapsplanverk <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ev. medietrening ordførar
Skuleskyting	Liv og Helse Økonomi Miljø Tenesteproduksjon Omdøme	<p>Eksisterande:</p> <p>Luster kommune har etablert fleire generelle tiltak som vil fungere førebyggjande i høve til denne hendinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Antimobbeprogram på alle skular unntatt ein. • Elevundersøkingar, elevsamtalar, ordensreglar • HSP-team (tverrfaglege) 	<p>Eksisterande:</p> <p>Det er vanskeleg å ha gode og effektive skadeavgrensande tiltak dersom hendinga oppstår. Per i dag er desse avgrensa til:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Generell evakuatingsplan (i høve brann) • Førstehjelps kompetanse, førstehjelpsutstyr • Handlingsplan for barn i sorg og krise (til ev. etterarbeid) • Kommunen sitt kriseteam (etterarbeid)

Uønska hending	Risiko = sannsyn*konsekvens (pr. konsekvensområde)	Risikoreduserande tiltak (eksisterande og nye)	Konsekvensreduserande tiltak (eksisterande og nye)
		<ul style="list-style-type: none"> • Helsestasjon (skulehelseteneste) • Folkehelseråd • Ungdomskontakt (MENU, mm) <p>I tillegg er det eit generelt krav i Norge om at alle som har våpen i privat oppbevaring skal ha desse innelåst i våpenskap.</p> <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle skular skal ha eit antimobbeprogram. • Etablere eit godt/nærare samarbeid mellom oppveksteiningar og lokalt politi. • Bruke det etablerte Folkehelserådet som statusmøte meir aktivt i høve uromeldingar frå tverrfaglege samarbeidsorgan, avklare grenseoppgangar i høve teieplikt mm. • Beredskap (skuleskyting, terror) inn i opplæringa av nye leiarar innan oppvekst 	<ul style="list-style-type: none"> • Beredskapsplanverk (kommunalt) <p>Framlegg til nye:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle oppveksteiningar skal utarbeide beredskapsplanar for denne type hendingar. (varsling, evakuatingsakse, øving og revidering) • Ev. medietrening Ordførar • Øve kriseteam/helse på denne type scenarier.

Handlingsplan:

Type tiltak: **K**= konsekvensreduserande tiltak, **R**=risikoreduserande tiltak

Hending i raud sone (uakseptabel risiko) - Tiltak må gjerast

Prioritet	Type	Tiltak	Hending
1	R	Beredskap (skuleskyting, terror) inn i opplæringa av nye leiarar innan oppvekst	skuleskyting
plan	K	Alle oppveksteininger skal utarbeide beredskapsplanar for denne type hendingar. (varsling, evakuatingsakse, øving og revidering)	skuleskyting
plan	R	Alle skular skal ha eit antimobbeprogram.	skuleskyting
plan	R	Etablere eit godt/nærare samarbeid mellom oppveksteininger og lokalt politi.	skuleskyting
plan	R	Bruke det etablerte Folkehelserådet som statusmøte meir aktivt i høve uromeldingar frå tverrfaglege samarbeidsorgan, avklare grenseoppgangar i høve teieplikt mm	skuleskyting
plan	K	Øve kriseteam/helse på denne type scenarier.	skuleskyting

Hendingar i gul og grøn sone (tolerabel og akseptabel risiko) - Tiltak kan/bør gjennomførast (kost nytte vurderingar)

Prioritet	Type	Tiltak	Hending
1*	K	UMS varsling. (innført)	atomavfall, dambrot, skadeflaum, ureint drikkevatn <input checked="" type="checkbox"/>
-	K	Ev. medietrening ordførar	generelt for mange av hendingane
2	K	ADSL abonnement på Gaupne omsorgssenter	bortfall av data og fiber-kommunikasjon <input checked="" type="checkbox"/>
3	R	Opning/utviding av vassvegar	skadeflaum
ØP	K	Oppgradere reservevasskjeldene.	forureining av drikkevatn
ØP	K	Vurdere nye reservevasskjelder.	forureining av drikkevatn
ØP	K	Fleire vasstankar til reint vatn. (innkjøpt)	forureining av drikkevatn <input checked="" type="checkbox"/>
ØP	R	Fiberring Rådhus – Luster energiverk (blir innført i 2019)	bortfall av data og fiber-kommunikasjon <input checked="" type="checkbox"/>
ØP	R	Meir elveforbygging (Grindane i Gaupne)	skadeflaum
ØP	R	Terrenghøving på Verket 2 (utført)	skadeflaum <input checked="" type="checkbox"/>
ØP	K	Rasvoll (Sandvik nord)	steinsprang knytt til busetnad
ØP	K	Fleire små aggregat (3 KW)	bortfall av straum over tre timer
ØP	R	Planlegge nye vasskjelder	forureining av drikkevatn
ØP	K	Fleire avløpsstasjonar må bli forberedt til aggregat	bortfall av straum over tre timer
plan	K	Beredskapsplan IKT	bortfall av straum over tre timer
plan	K	Varslingsliste tilgjengeleg for vaktpersonell (utført)	brann på omsorgssenter <input checked="" type="checkbox"/>
plan	K	Oppdatere beredskapsplanverk Omsorg (utført)	brann på omsorgssenter <input checked="" type="checkbox"/>


Prioritet	Type	Tiltak	Hending
plan	R	Eigne ROS analyser på vassverk (utført)	forureining av drikkevatn <input checked="" type="checkbox"/>
ekstern	R	Fjerning av meir masse i elveløp (Jostedøla ved bruene i Gaupne)	skadeflaum
ekstern	R	Meir skogshogst (ansvar energiselskapa)	bortfall av straum over tre timar

*Prioritert ut frå at dette kan gjennomførast utan ekstra løying, ØP: Må innarbeidast i økonomiplan.

plan: Kan gjennomførast utan ekstraløying, og som må gjerast uansett, **ekstern:** Ansvar ligg utanfor Luster kommune



Luster kommune - organisasjonsmodell



Politiske organ

Kommunestyret (25 representantar) er kommunen sitt øvste organ. Alle store/viktige saker vert avgjorde her, etter tilråding frå formannskapet/næringsutvalet (7) eller plan- og forvalningsstyret (7). Det to sistnemnde organ avgjer sjølv ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret. I tillegg får kommunestyret også nokre saker frå eige kontrollutval (5) og frå mellombelse komitear (særskilde saker). Alle val til faste politiske organ er for 4 år. Ordføraren er kommunen sin fremste representant. Han leiar møta i kommunestyret og formannskapet/næringsutvalet.

Rådmannen

Rådmannen leiar administrasjonen, har tilrådingsrett i alle saker til politiske organ og har ein overordna oppfølgings- og støttefunksjon for alle underliggjande tenesteeiningar. Rådmannen avgjer sjølv ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret. Rådmannen har 11 ulike stabseiningar til å hjelpe seg i dette arbeidet. Dette er personal/organisasjon, økonomi, eigedom, oppvekst, kultur, folkehelse, plan, næring, IKT og kvalitet, omsorg og servicetorget. Rådmannen, kommunalsjef Oppvekst og kommunalsjef Helse og Omsorg, er kontaktpersonar for tenesteeiningane.

Kommunale foretak

Lustrabadet KF er organisert som eit kommunalt foretak med eit styre som rapporterer til Formannskapet / Kommunestyret

Tenesteeiningane

Kommunen har 21 tenesteeiningar som primært yter tenester til innbyggjarane. Kvar eining har ein eigen leiar som rapporterer til rådmann, då primært til ovnemnde kontaktperson. Desse leiarane arbeider med grunnlag i eit eige administrativt delegeringsreglement, fastsett av rådmannen.

1) Kommunen har fylgjande oppvekstsenter: Skjolden oppvekstsenter, Luster oppvekstsenter, Jostedal oppvekstsenter, Indre Hafslø oppvekstsenter og Sølvorn oppvekstsenter.

2) Kommunen har fylgjande grunnskular: Gaupne skule, Luster ungdomsskule og Hafslø barne- og ungdomsskule (administrerer også Veitastrand)

3) Kommunen har fylgjande barnehagar: Gaupne barnehage, Gamlestova barnehage og Hafslø barnehage.

4) NAV Luster er leia i partnarskap mellom stat og kommune.

5) Luster omsorgssenter, Gaupne omsorgssenter, Hafslø omsorgssenter og Grandmo busenter

Interkommunalt samarbeid

Kommunen har fylgjande interkommunale samarbeid:

- Sogn kulturskule (Leikanger er vertskommune)
- Sogn barnevern (Sogndal er vertskommune)
- SIMAS (IKS)
- Sogn brann og redning (IKS)
- Sogn PPT

I tillegg kjem fleire mindre interkommunale samarbeid